


PLANBESKRIVELSE

DETALJREGULERING DJUPEDALEN INDUSTRIOMRÅDE

GNR. 26 BNR. 11, SYKKYLVEN KOMMUNE

På vegne av forslagsstiller TREGARDANE AS

Oppdragsgivar:	TREGARDANE AS
Oppdrag:	Detaljregulering
Rapporttype:	Planbeskrivelse - Djupedalen industriområde
Prosjektnr:	3288
Plan-ID:	15282020003
Dato:	25.07.2022
Revidert:	26.05.2023



Utarbeidd av: Helga Hole
Hole Maskiner AS

Innholdsfortegnelse

1. BAKGRUNN	4
1.1 HENSIKT MED PLANEN	4
1.2 FORSLAGSTILLER, PLANKONSULENT OG EIDEFORHOLD.....	4
1.3 KOMMUNENS FØRINGAR	4
1.4 KRAV OM KONSEKVENSVURDERING	4
2. PLANPROSESS	5
3. GJELDANDE PLANAR	6
3.1 EIGEDOMAR I PLANOMRÅDET	6
3.2 PLANSTATUS.....	7
4. PLANOMRÅDET	8
4.1 LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	8
4.2 DAGENS SITUASJON	10
4.3 GRUNNFORHOLD.....	11
4.4 KULTURMINNE	12
4.4.LANDSKAP	12
4.5 FRITIDSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK	12
4.6 NATURVERDIAR	12
4.7 JORDBRUK	12
4.8 TRAFIKKFORHOLD.....	12
4.9 SOSIALE INTERESSER.....	13
4.10 TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	14
4.11 STØYFORHOLD.....	14
4.12 RISIKO- OG SÅRBARHEIT (NOVERANDE SITUASJON)	14
5. PLANFORSLAGET	15
5.1 BESKRIVING AV PLANFORSLAGET.....	15
5.1.2 ILLUSTRASJONPLAN	16
5.1.3 PLASSERING AV BEBYGGELSE	16
5.1.4 BYGGHØGDER.....	16
5.1.5 BYGGEGRENSER	16
5.1.7 ADKOMST OG PARKERING.....	16
5.1.8. TRAFIKKLØYSING.....	17
5.1.9 VA	18
5.1.10 OMSYNSSENER.....	19
6. VERKNAD FOR MILJØ OG SAMFUNN	20
6.1 RISIKO OG SÅRBARHET	20
6.1.1. Flom	20
6.1.2. Trafikksikring.....	22
6.1.3. Skred	23
6.1.4. Grunnforhold	23

6.2 LANDSKAP.....	23
6.3 TRAFIKKFORHOLD.....	23
6.4 KULTURMINNER OG KULTURMILJØ.....	23
6.5 NATURMANGFOLDLOVA §8-12.....	24
7. INNSPEL TIL ARBEIDET.....	25
7.1 OFFENTLEGE INSTANSAR.....	25
7.2 NABOAR OG INTERESSENTAR.....	27
VEDLEGG	31

1. BAKGRUNN

Etter plan- og bygningslova § 4-2 skal alle planar ved framlegging til offentlig ettersyn ha ein planbeskrivelse (planomtale) som skildrar føremålet med planen, hovudinnhald og verknader planen inneber. Planomtalen skal og skildre planen sitt forhold til rammer og retningslinjers om gjeld for området, og planomtalen skal saman med andre dokument danne naudsynt grunnlag for planvedtak.

1.1 HENSIKT MED PLANEN

Formålet med planarbeidet er å legge tilrette for etablering av for eit næringsareal med anleggsvirksomheit, herunder maskinoppstilling, lager, verkstad med kontorlokale og strøsandlager.

1.2 FORSLAGSTILLER, PLANKONSULENT OG EIDEFORHOLD

Detaljreguleringa er utarbeida av Helga Hole ved Hole Maskiner AS på vegne av Tregardane AS som og er forslagstiller. Planområdet med gnr/brn 26/11 er eigd i si heilheit av Tregardane AS. Det er eit lite areal som er felleseigd av gnr/brn 26/1-2,4-7,9-10,13 nord på området med tilkomstveg. Liste over grunneigarar innanfor planområdet er vedlagt.

1.3 KOMMUNENS FØRINGAR

Kommuneplanens bestemmelser gir føringar på at det skal være ferdigstilt en detaljreguleringsplan før eventuelle tillatelser blir gitt til utbygging.

1.4 KRAV OM KONSEKVENSVURDERING

Planarbeidet er vurdert mot forskrift om konsekvensvurderingar og planen løyser ikkje krav om konsekvensvurdering etter §10. Regulering av området vil være i samsvar med kommunens overordna arealplan og kommunens visjon om eksisterande næringsliv skal kunne vekse og utvikle seg.

2. PLANPROSESS

Det vert gjennomført førehandskonferanse med Sykkylven Kommune 17.09.2020. Begge partar var representert og føremålet var å avklare planavgrensing for vidare planarbeid. Referat frå møtet ligg som vedlegg til planomtalen. Planarbeidet er i tråd med overordna kommunedelplan og utløyser dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing. Området er frå før sett av til næringsareal i kommuneplanen.

Planen blir utarbeidd etter plan- og bygningslova av 2008 (LOV-2008-06-27-71)§ 12-3 som detaljregulering. Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av næringsareal med strøsandlager, maskinoppstilling og kontorbygg.

Reguleringsarbeidet vart starta opp med annonsering i Sykkylvsbladet, kommunens heimeside. Grunneigarar, naboar og offentlege instansar fekk varsel i brevform datert 28.09.2020. Frist for å kome med innspel eller merknadar vart sett til 18.11.2020. Sjå vedlegg A og B for oppstartsmelding og annonse, og vedlegg C for referat frå oppstartsmøtet med kommunen.

Kopi av oppstartsvarsling med partsliste er lagt ved plandokumenta.

Til «melding om oppstart» kom det 22 uttalelser til planoppstarten. Dei er vurdert og kommentert under Kapittel 7 «*innkomne merknader til oppstart av plan*».

Det er haldt møte med grunneigarar av fellesarealet gnr/bnr 26/1-2,4-7,9-10,13 ved planområdet den 05.06.2021.


Grunna usemje frå nokon grunneigarar angåande innkjøring på næringsareal over fellesareal er det bevilga midlertidig avkjøring direkte frå fv.5918 frå Møre og Romsdal fylkeskommune (Vedlegg K).

Planen er revidert 22.03.2023.

3. GJELDANDE PLANAR

3.1 EIGEDOMAR I PLANOMRÅDET

Planområdet ligg i hovudsak på gnr/bnr 26/11 med eit lite areal som er felleseigd av gnr/bnr 26/1-2,6,10.



Figur 1 Bilde med eigdomsnummer på planområdet og omkringliggande eigedomer som har bruksrett.


Tabell 1 Eigartilhøve over eigedomar på plaområdet.

Knr	Gnr	Bnr	Eiers navn	Eigartilhøve
1528	26	1	Kåre oddbjørn Welle	Sameigar
1528	26	2	Ole johnny Welle	Sameigar
1528	26	4	Gunnar Magne Velle	Bruksrett
1528	26	5	Else Sigrun Bjørdal Velle	Bruksrett
1528	26	6	Ole Andre Velle	Sameigar
1528	26	7	Nils petter Weiberg Aurdal	Bruksrett
1528	26	9	Ole Andre Velle	Bruksrett
1528	26	10	Oddbjørn Velle	Sameigar
1528	26	11	Helga Oskarsson	Grunneigar
1528	26	13	Bastian Weiberg Aurdal	Bruksrett

3.2 PLANSTATUS

Planområdet ligg innanfor kommunedelplanen for Sykkylven kommune 2013-2025, godkjent av kommunestyret 27.05.2013. Området er regulert til næringsverksemd.

Utsnitt av kommunedelplanen er vist nedanfor.




Figur 2 Kommuneplanens arealdel

Det er ingen gjeldande detaljreguleringar innanfor planområdet eller i tilgrensande områder.

4. PLANOMRÅDET

4.1 LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

Området er lokalisert i Velledalen, rundt 12 km frå Sykkylven sentrum. Planområdet ligg i nærleiken til Velledalen Montessoriskule og Velledalen naturbarnehage på Dalemyra, næringsarealet til Hole Maskiner AS ved Rv.60, samt landbrukseigendomar langs Fv5918. Planarealets størrelse vert rundt 16,9 dekar.




Figur 3 Planområdets plassering



Figur 4 Planavgrensing er vist med raud stipla linje i kartet

4.2 DAGENS SITUASJON



Figur 5 Arealbruken av området. Dyrka mark og beiteskog


Planområdet ligg i eit landbruksområde og vert i dag brukt til beitemark, dyrka mark og oppstilling av landbruksutstyr. Arealet ligg tett med Fv.5918 som er ein Bk10 veg med ÅDT 210. På nedsida ligg velleelva som er ei anadrom elv. Deler av elva er sikra med ca. 4 km med ein og tosidig elvaforbygning. Nord for planområdet ligg ei lagerbygning tilhøyrande gnr/bnr 26/21, samt jordbrukseigedomar.

Området ligg ca. 12 km frå Sykkylven sentrum og ca. 850 meter frå næringsarealet til Hole Maskiner AS.




Figur 6 Dronebilde tatt mot Velle, viser spore etter den arkeologiske undersøkelsen

4.3 GRUNNFORHOLD



Figur 7 Lausmassekart over Velledalen (NGU) med planområdet markert med raudt

Ifølge NGUs lausmassekart består hele planområdet av lausmasser fra elve- og bekkeavsetningar. NVEs kartløyising viser at området ligg i aktsomhetssone for marin leire, men ifølge rapport utarbeida av Multiconsult AS på vegne av NVE, ligg ikkje området i aktsomheitssone for kvikkleireskred. Området ligg ikkje i aktsomheitssone for jord/flomskred, snøskred eller steinsprang.



Figur 8 Berggrunnskart (NGU)

Berggrunnen består av glimmergneis og granittisk til granodiorittisk gneis.

4.4 KULTURMINNE

Det er ikkje registrert noko kulturminne på planområdet i SEFRAK eller ASK, men Gunnar Velle har informert om eit gammalt kvennhus som skal være på området. Kommunen har ikkje gitt føringar for denne informasjonen. På eigendomen i nord gnr/bnr 26/8 er det registrert eit gamalt hus som kjem under SEFRAK. Dette vil ikkje direkte påverke det vidare planarbeidet.

4.4.LANDSKAP

I eit overordna perspektiv ligg planområdet i ein u-dal sør i Sykkylven kommune. Etter Nasjonalt referansesystem for landskap havnar Sykkylven i region 22, som kjenneteiknast ved varierte landskapsformer der Sunnmøre bereknast som «villast» med u-dalar med marint dekke og alpine fjellformar som skapar skredvifter nedover fjellsidene. Landskapet dominerast av landbruk, med spreidde busettingar langs vegane i dalens flate.

4.5 FRITIDSAREAL, REKREASJONSVERDI OG BRUK

Det er ikkje registrert friluftsinnteresser i planområdet (statleg sikra friluftsområde, Naturbase, Fylkesatlas Vestland). Ein er kjend med at det foregår fiske langs elvakanten. Fjella rundt er populært ved både lokale og nasjonale friluftsentusiaster, men sjølv planområdet er ikkje særlig eigna for slik bruk og har inga særlig verdi som rekreasjonsområde.

4.6 NATURVERDIAR

Det er ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse, utvalde naturtypar eller verneområde i eller ved planområdet (naturbase.no, artskart.artsdatabanken.no). Ein vurderer det som derfor som lite sannsynleg at området inneheld spesielle verdiar i høve biologisk mangfald. Forholdet til Naturmangfaldlova er drøfta vidare i kapittel 6.

4.7 JORDBRUK

Rundt 4,5 dekar av planområdet er i dag dyrka mark nytta for grasproduksjon. Rundt 12,4 dekar er intensivt brukt som innmarksbeite. I nordvest er området nytta til oppstilling av landbruksutstyr.

4.8 TRAFIKKFORHOLD

Fylkesveg 5918 er skuleveg for barn og unge busett på Fet og Velle. Vegen har ikkje gulstripe og det er ikkje gang- og sykkelveg langs strekninga. Barna har ikkje rett på skuleskyss grunna nærleik til skule og mange foreldre vel å skyss barna sine sjølv.


I vegkart løysinga til Statens vegvesen er strekninga registrert med ein ÅDT på 210, BK10. Tilførselsveg i sør-aust frå fylkesveg 60 forbi næringsarealet til Hole Maskiner AS er BKT8. Det er sendt søknad frå Hole Maskiner AS til Sykkylven kommune om oppgradering av denne til BK10.



Figur 9 Fv. 5918 blir nytta av barn og unge. Her forbi planområdet til venstre

4.9 SOSIALE INTERESSER

Planområdet ligg 800 meter frå Velledalen Montessoriskule, Velledalen Friluftsbarnhage og Dalemyra fotballbane. Fv5918 er skuleveg og blir nytta av barn og unge. Planområdet blir ikkje nytta av andre enn grunneigar.



Figur 10 Ferdelsveg for barn og unge på fv. 5918

4.10 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Straumen Nett AS har ein trafokiosk nordaust på området og Velledalen vassverk har vassledning med ledig kapasitet som ligg langs fv.5918.

4.11 STØYFORHOLD


Normal støy frå landbruksvirke og trafikk på fv.5918.

4.12 RISIKO- OG SÅRBARHEIT (NOVERANDE SITUASJON)

Det er ikkje registrert ras- eller steinsprang i området. NVEs kartløysing viser at området ligg i aktsomhetssone for marin leire, men ifølge rapport utarbeida av Multiconsult AS på vegne av NVE, ligg ikkje området i aktsomheitssone for kvikkleireskred. Området ligg ikkje i aktsomheitssone for jord/flomskred, snøskred eller steinsprang.

Slik planområdet er i dag ligg det innanfor aktsomheitsone for flaum. Det er elvaforbygningar med tosidig erosjonssikring forbi planområdet.

5. PLANFORSLAGET



Figur 11 Plankart 1:1000

5.1 BESKRIVNING AV PLANFORSLAGET

Målsetjinga med reguleringsplanen er å legge til rette for eit næringsareal med anleggsvirksomheit, herunder maskinoppstilling, lager, verkstad med kontorlokale og strøsandlager. Veg, avkjørsler og parkering vil bli opparbeida i tilknytning til dette. Flaumvoll skal etablerast langs heile elva som går forbi planområdet.

Planforslaget har blitt utarbeida med ønsket om å sikre arbeidsplassar i Velledalen og utvikling av bygda.

5.1.2 ILLUSTRASJONPLAN



Figur 12 Illustrasjonsplan Djupedalen Industriområde

5.1.3 PLASSERING AV BEBYGGELSE

Planen legg opp til etablering av eit næringsareal med anleggsvirksomheit, herunder maskinoppstilling, lager, verkstad med kontorlokale og strøsandlager. Bygga vil bli tilpassa området i best mogleg grad i samsvar til sikringssone mot elv og veg. Plassering av bygningane vil bli fastsett ved byggesøknad.

5.1.4 BYGGHØGDER

Det setjast ei byggehøgde på 12 meter.

5.1.5 BYGGEGRENSER

Byggegrense mot fylkesveg er satt til haldningsklasse 4 – 20 meter jf. Møre og Romsdal Fylke.

Byggegrense mot vassdrag er fastsett i Sykkylven kommune til 20 meter. Ved å utføre avbøtande tiltak som etablering av flaumvoll og vegetasjonsskjerm settast ny byggegrense til 18 meter.

5.1.7 ADKOMST OG PARKERING

Adkomst til området vil etablerast mot eksisterande innkjøring med fri siktzone mot Fv.5918. Området har i dag atkomst frå fv.5918 over sameiget til gnr/bnr 26/1-2,4-7,9-10,13 i vest. I planarbeidet er det forutsatt at tilkomst blir flytta nærare fv.5918 jf. plankart.

Ein vil legge parkeringsplasser på arealet mot fv.5918. Sykkylven kommune krev 2 parkeringsplassar per 100 m² BRA. HC-parkering etablerast i samhøve til regelverk og beskrivast på utenomhusplan ved byggemelding.

5.1.8. TRAFIKKLØYSING

Det vart påpeika under oppstartsmøtet at Fylkesveg 5918 og er skuleveg for barn og unge busett på Fet og Velle. Vegen har ikkje gulstripe og manglar gang- og sykkelveg. Barna har ikkje rett på skuleskyss grunna nærleik til skule og mange foreldre vel å skyss barna sine sjølv.


I vegkart løysinga til Statens vegvesen er strekninga registrert med ein ÅDT på 210, BK10. Tilførselsveg i sør-aust frå fylkesveg 60 forbi næringsarealet til Hole Maskiner AS er BKT8. Det er sendt søknad til Sykkylven kommune om oppgradering av denne til BK10.

Det er ikkje registrert trafikkulykker på fv. 5918 langs planområdet, men på Rv. 60 er det registrert nokon bilulykker. Dette har ikkje innverknad på trafikkavklaringa til planområdet.

Folk i nærområdet uttrykker uro over auka tungtrafikk med tanke på mjuke trafikantar. Det er to avkøyringspunkt frå riksveg 60 ned til planområdet per i dag. Avkøyringa i nord gir tilkomst til Fet og Velle. Avkøyringa i sør-aust gir tilkomst til Tregardane, Brunstad, skule, barnehage og Velle. Det er tiltenkt at avkøyring i sør-aust skal fungere i hovudsak som tilkomstveg for tyngre transport. Dette medføre at trafikksituasjonen langs gardstuna på Velle vil endre seg minimalt. Ferdsel ved veg vil alltid innebere ein viss risiko, og ved fv.5918 er det generelt lite trafikk med ein ÅDT på 210. Om det blir aktuelt med trafikk sikring ved gangveg langs fv5918 stiller tiltakshaver seg positiv til dette og stiller grunn til dette så lenge tiltakshaver er grunneigar av planområdet. Areal er avsett til gang- og sykkelveg i plankartet.



Figur 13 Trafikkulykker registrert i området



Figur 14 Avkøyring i Nord og Sør-Aust frå Rv. 60

5.1.9 VA

Straumen nett AS har ein trafokiosk nordaust på planområdet som har kapasitet for naudsynt straumforsyning. Ein vil koble seg på den eksisterande vassleidninga til Velledalen vassverk som går langs med fv. 5918 til Drablaus som har tilstrekkelig kapasitet. Det vil bli etablert vassuttak med brannhydrant og i nordvest vil det bli etablert ein pumpekum og ei pumpeledning som går fram til det nye reinseanlegget som ligg rett syd for planområdet i storsvingen. Det skal leggjast ein oljeutskiller i nordvest i planområdet som vil ta hand om overvatn frå parkeringsareal. Denne vil bli ført til velleelva. Drenering og takvatn vil bli ført i eige rørsystem i eige avløp til velleelva. Lasting av salt vil foregå på avgrensa område med eget tanksystem som vil gå til gjenbruk i saltlake.

5.1.10 OMSYNSSONER

Følgande omsynssoner er innarbeidde i planforslaget:

- Frisiktsone (H140)
Det skal ikkje vere sikthindringar på meir enn 0,5 meter over tilstøytande vegbane.
- Flaumsone (H320)
Flaumvoll mot Velleelva skal etablerast slik at området ikkje vil bli påverka av ein 200-årsflaum. Flaumsona vert sett til 7 meter.

6. VERKNAD FOR MILJØ OG SAMFUNN

6.1 RISIKO OG SÅRBARHET

Fylkesmannen si «Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova» er nytta.

Det er gjort spesielle vurderingar i forhold til flom og trafikksikring etter resultata frå ROS-analyse (vedlegg H). Det er lagt til ekstra kommentarar for skred og grunnforhold i egne avsnitt.

6.1.1. Flom

Vurdering


På grunn av nærleik til velleelva vert det bestemt at flomvurderingar skulle utførast og rapport blei levert av Multiconsult 06.04.2021 (Vedlegg N):

«En 200-årsflom inkludert 30% klimapåslag er beregnet til 216 m³/s i Velledalselva ved Djupedalenindustriområde. Resultatene fra vannlinjeberegningene utført i en 2D HEC-RAS modell viser at flomvullen på oppstrøms ende av tomten må heves for å ikke oversvømmes ved en 200-årsflom inkludert klimapåslag. Beregnet flomvannstand ligger på kote 28,5 moh i oppstrøms ende og kote 25,3 moh i nedstrøms ende av reguleringstomten. I tillegg anbefalast fribord på ca. 0,5 m. Hydraulisk modellering er også utført med terrengendringer bestående av hevet flomvoll og oppfylt reguleringstomt, slik planene for utbygging er. Beregnede vannhastigheter forbi tomte til industriområdet er høye og det anbefales her å undersøke behovet for å erosjonssikre området»


Avbøtande tiltak

Byggegrense mot vassdrag er fastsett i Sykkylven kommune til 20 meter. Ved å utføre avbøtande tiltak settast ny byggegrense til 18 meter. Terrenget må hevast til minimum 0,5 m over flomvasstand og flomvoll må hevast til minimum kote 29 i oppstrøms ende og minimum 26,5 ved nedstrøms ende. Da vil ein unngå framtidig oversvømming ved ein 200-årsflom inkludert 30% klimapåslag.

Elva har elvaforbygning nedanfor planområdet og slik ser ein ikkje at tiltak trengst for å ytterlegare erosjonssikre området.



Figur 15 Vannhastighet (m/s) for 200-årsflom med eksisterende terreng



Figur 16 Vannhastighet (m/s) for 200-årsflom med heva terreng og flomvoll

6.1.2. Trafikksikring

Vurdering

Planområdet ligger langs fv. 5918 som er ferdselsåre for barn og unge frå Fet og Velle. Vegen er registrert med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 210 og BK10. Fartsgrensa på vegen er 50 km/t gjennom tuna på Velle og 60 km/t forbi planområdet til P-skiftet.

Vegen er i dag har ikkje gulstripe, utan gang- og sykkelveg og delar av strekninga manglar gatelys. Born på Velle har ikkje rett på skuleskyss grunna nærleik til skule og mange foreldre vel å skyssse borna sine sjølv. Vegen er for det meste rett og oversiktleg med unntak av Storsvingen ved Kvernhusnova. Mange hus ligg tett attmed vegen på Velle. Det blei satt opp gatelys rundt Storsvingen for ca. 20 år sidan. Strekninga mellom Storvingen og dalemyra har eitt gatelys, ved gnr/bnr 26/22. Det er ikkje registrert ulykker på fv. 5918 frå Fet til Dalemyra, men ved Velledalen Montesorriskule er det registrert ei trafikkulykke frå 2009.

Sannsynlegheita for ei ulykke med mjuke trafikantar er sett på som mindre sannsynleg, men med svært alvorleg/katastrofal konsekvens.

Avbøtande tiltak

Gang og sykkelveg burde etablerast langs fv. 5918 forbi planområdet og koblast til eksisterande gang- sykkelveg ved Dalemyra stadion. Fartsgrensa burde reduserast til 50 km/t. Det burde setjast opp gatelys slik ein får gatelys frå krysset ved dalemyra forbi planområdet. Ved å etablere fartsdumper gjennom tuna på Velle kan ein skyssse gjennomfartstrafikk opp på fv.60 og slik redusere trafikkmengden betydelig på vegen.

Det har aldri vore ei alvorleg ulykke mellom mjuke trafikantar og trafikk på denne vegen og den mest uoversiktelige strekninga, Storsvingen, har gatelys. Areal på planområdet er avsett til framtidig gang- og sykkelveg. Forslag om gang- og sykkelveg på denne strekninga er levert inn til rullering av kommuneplanens arealdel. Søknad om å forlenge 50-sona ca. 650 meter mot sør, til rundt Storsvingen er levert til fylkeskommune. Sjølv om risikoen mellom mjuke trafikantar og trafikk vil auke noko ved etablering av næring på planområdet, er likevel risikoen framleis sett på som mindre sannsynleg. Dagens trafikksituasjon gir allereie same risiko og sannsyn og ein ser ikkje på at ny tilførselen av tungtrafikk vil gi ein signifikant auka risiko. På ein veg med ÅDT 210 vil ei økning med 15 kjøretøy per døgn vere innanfor forventa bruk.

Det er vanskeleg å få gjennomført konkrete avbøtande tiltak der ein ikkje er avhengig av eksterne aktørar som fylkeskommune, statens vegvesen osv. Eit avbøtande tiltak for trafikksikkerheit som er gjennomført er at det er etablert eit sideareal på 1,5 meter av grus rundt storsvingen fram til gnr/bnr 26/6 som kan nyttast til ferdsel. Dette vil sørge for at det kristiske punktet på strekninga med tungtrafikk gir betre trygghet for mjuke trafikantar. For å redusere trafikk til planområdet før og etter skuletid, er det stadfesta i føresegnene at ein skal ein unngå tungtrafikk til og frå planområdet mellom klokka 08.00-09.00 og 14.00-15.00 på mandag-fredag, unntatt fri og helligdagar. Tungtrafikk til og frå Djupedalen industriområde skal gå via avkjøyring frå fv.60 i sør, med anna det føreligg særleg grunn.

Ved å gjennomføre dette tiltaket og fastsetje det i føresegnene vil det bidra til å minske tungtrafikk i dei tidsromma ein kan forvente at skuleborna nyttar vegen.

6.1.3. Skred

NGU gjorde i 2015 ei større utgreiing om skredfare i Sykkylven. Planområdet blei vurdert som ein del av delområde 8 Velle som strekk seg frå Armodssøyna på sørsida av fetvatnet og sørover til og med tregardsgjerdet. Her er fjellsidene er bratte og kuperte, med fare for jord/flom/sørpeskred, snøskred og steinsprang langs riksveg 60. Djupedalen industriområde ligg mot midten av dalen og kjem derfor ikkje inn under 1/100-1/5000 årsgrensa. Ingen farekart vurderer planområdet til å ligge innanfor faresone for desse skreda.

6.1.4. Grunnforhold

Området ligg under marin grense og er derfor undersøkt med tanke på marine avsetjingar og eventuell kvikkleire. Ifølge «Ekstern rapport nr 66-2019 Regional kvikkleirekartlegging frå NVE», ligg planavgrensinga innanfor aktsomhetssone for marin leire. Ansvarleg entrepenør er kjend med området frå tidlegare og veit det er kort veg til fjell i grunnen, men det vil bli utført prøvegravingar for å fastslå kva masser som er i planområdet. Det er tatt boreprøver ved heggebakkane og kvernhusnova som begge har fått tolkinga «Antatt ikkje kvikkleire/sprøbruddmateriale».

For potensiell ureining i grunnen i framtida vil det etablerast ein oljeutskiller på området som vil ta hand om overvatn og eventuelle utslepp på området.

6.2 LANDSKAP

Planområdet er relativt flatt og består av noko dyrket mark og beitemark. Tap av dyrket mark vil ha mindre påvirkning på jordbruk i området da det planleggast kompensierende tiltak ved nydyrking av jord ved gnr/bnr 26/11.

6.3 TRAFIKKFORHOLD

Eksisterande avkjørsel til området som ligg nære elva, flyttast nærare trafostasjonen og krysset til fv.5918 vil bli oppgradert til å støtte Statens vegvesen sine handbøker.

Etablering av næring på planområdet vil føre til ein 17% auke i trafikk med 2% økning i tungtrafikk. Det er tiltenkt at dette skal foregå i hovudsak frå fylkesveg 60 via kv.5011 (urkevegen). Det er utarbeidd ein trafikksikringsrapport for fv.5918 (vedlegg H) frå fetkrysset til Velledalen Montesorriskule. Som avbøtande tiltak for å hindre økt trafikk gjennom gardstuna på Velle blir det foreslått at fartsdumper etablerast og fartsgrensen settast til 50 km/t på deler av strekninga. Tiltakshaver stiller grunn til disposisjon for framtidig gang- og sykkelveg så lenge tiltakshavar er grunneigar av Djupedalen industriområde.

6.4 KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

I området finnst det gamle kvernhusmurar frå Amundgarden på Velle. Kommunen har ikkje gitt føringar for korleis dette skal handterast. Kvernhusmurane vil flyttast sør-aust i planområdet til kombinert grønstrukturformål og vil satt opp igjen. På Lade er det eit kvernhus som er ynskja om å ta vare på og ein vil bruke dette til å fullføre kvernhuset på Velle. Det blir etablert eit grønt område i tilknytning til dette. Ei grindløe frå bakkeøyane på Aure skal bevarast og vil bli flytta og satt opp saman med kvernhuset. Slik vil det behaldast for framtidige generasjonar og vil kunne nyttast av skule, barnehage og historieinteresserte.

Arkeologisk utgraving vert utført den 13.10.2020 og det vart ikkje gjort noko funn i området.

6.5 NATURMANGFOLDLOVA §8-12

Prinsippa i naturmangfoldlova ligg til grunn for arbeidet med planområdet. Prinsippa omfattar:

6. § 8 om kunnskapsgrunnlaget
7. § 9 om føre var prinsippet
8. § 10 om økosystemtilnærming og samlet belastning
9. § 11 om kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver
10. § 12 om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Kunnskapsgrunnlaget for denne planen ligg til grunn i karttjenestar som fylkesatlas, NVEs karttjenester, Kulturminnesøk og Artsdatabanken. Det er også gjort befarings i området. Det er ikkje registrert nokon sårbare eller trua arter i dette planområdet. Det er heller ingen naturtypar av spesiell verdi. Føre-var prinsippet blir brukt når kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkelig nok, og passer på at mulege tiltak ikkje vil ha irreversible skadar på naturen. Dette prinsippet blir ikkje brukt her da kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg.

Det er viktig å behalde eksisterande økosystem og måle kva belastning eit slikt inngrep vil medføre. Det valde planområdet vil fjerne eit jordbruksareal og vil truleg ha lita belastning på dei omkringliggende økosystemområda. Det er ikkje trua eller sårbare artar i området. Prinsippet om miljøforringing blir oppretthaldt ved at det blir brukt forsvarlege driftsmetodar.

Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar.

7. INNSPEL TIL ARBEIDET

Reguleringsarbeidet vart varsla med annonse i Sykkylvsbladet 07.10.2020, og brev datert 28.09.2020 til grunneigarar, naboar og offentlege instansar. Frist for å kome med innspel eller merknadar vart sett til 18.11.2020. Det blei motteken 22 innspel.

7.1 OFFENTLEGE INSTANSAR

	Fråsegn	Innhald	Utfall i planen
1	Fylkesmannen i Møre og Romsdal (19.11.2020)	Natur og miljøvern -Ein må greie ut om friluftinteressene i området og synleggjere konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak. Vassdrag -Plangrensa ligg inntil Velledalselva og for å verne om økologisk kvalitet i elva burde ein fastsetje breidde på kantsona i reguleringsplanen. Gangveg burde ikkje ligge i elvakanten, men bak kantsona. Landbruk -Fylkesmannen ser det naudsynt at matjorda skal takast vare på og nyttast til framtidig matproduksjon. Avtale må gjerast med ein matprodusent i aktiv drift. Samfunnstryggleik og klimatilpassing -ROS-analysen må inkludere ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Forureining -det må gjerast vurdering om fare for avrenning til vassdraget og eventuelle avbøtande tiltak som hindrar dette. Barn og unge - tema barn og unge er vurdert i oppstartsmøtet med kommunen. Vi støttar at planforslaget bør vurdere korleis framtidig aktivitet vil påverke barn sin ferdsel og tryggleik langs vegen.	Natur og miljøvern -Dette er utgreid i planen Vassdrag -Det etablerast ein vegetasjonsskjerm på flaumvollen. Det er gått bort ifrå plan om gangveg langs elva. Landbruk Utgreid i planen. Utgreid i planen Utgreid i planen Utgreid i ROS analyse

2	NVE (12.11.2020)	-Området må kartleggast med hensyn til flom og erosjon. -Området ligg under marin grense og må utredast under fagområdet geoteknikk. -klimaprofilen til Møre og Romsdal fylke anbefalast å leggjast til grunn i planarbeidet. -Ein må ta hensyn til handtering av overvatn i planprosessen. -Planarbeidet må avklare hensyn til vassdragsmiljøet. Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjeres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene. Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osb. Det bør også gjeres greie for eventuelle kompensierende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.	Utgreid i planen
3	Møre og Romsdal Fylkeskommune (12.11.2020)	Samferdsel -byggegrensa burde fastetjast til ikkje nærare enn 20 meter til senter av vegen. -eksisterande kryss er svært uoversiktleg og må takast med i reguleringsarbeidet og den trafikale situasjonen utbetrast. Barn og unge -Planområdet ligg nær opp til Velledalen skule. Planen må sikre at barn sin tryggleik vert teken i vare. Miljø og klima -planområdet grenser til vassførekomsten Velledalselva. Store deler av elva er bygd med dobbeltsidig flaumverk og dermed i stor grad påverka av menneskelege, fysiske inngrep. I tillegg er det registrert forureining frå spreidd busetnad, reinseanlegg og jordbruksareal, samt at lakselus og oppdrettsfisk påverkar fiskebestandane. Derfor har vassdraget fått tilstanden moderat økologisk potensial. Det er med andre ord alt mange påverknadar på vassførekomsten slik det er i dag. -Tatt i betraktning dei dårlege forholda i elva og den dårlege tilstanden for	Byggegrense fastsett til 20 meter. Eksisterande kryss er omtalt i ROS-analyse. Utgreid i planen Det blir etablert ein vegetasjonsskjerm på minimum 8 meter. Det er fastsett ei byggegrense mot vassdrag på 18 meter.

		fiskebestandane i vassdraget, er det viktig at det ikkje vert sett i verk nye tiltak som forverrar denne tilstanden. -elva er anadrom og nådde ikkje gytebestandsmålet for laks i 2019. -vassressurslova stiller krav om eit vegetasjonsbelte for å verne og sikre dei økologiske forholda i og langs vassdraget. Breidda på kantvegetasjonen skal fastsetjast i plan etter PBL.	
4	Statens Vegvesen (11.11.2020)	Det nye planområdet kan generere økt intertransport, noe vegene ikke synes å være egnet til. Må tas særlig hensyn til at vegene er skuleveg for elever ved Velledalen skole.	Utgreid i planen. TS-rapport for fv.5918 er utarbeidd.

7.2 NABOAR OG INTERESSENTAR

		Fråsegn	Kommentar
5	Velle grunneigarlag v/ Ole Andre Velle (17.11.2020)	positiv til at det vert etablert næringsverksemd i dalen, men er uroa for den auka tungtrafikken dette vil medføre. Forventar at det vert sett igang trafikksikringstiltak og sikrar trygg skuleveg.	Tas til orientering. Se TS-rapport
6	Jonna og kåre Welle (14.11.2020)	-Kvifor ikkje nytte næringsarealet som ligg tett attmed Hole Maskiner AS sitt etablerte område? -vegen er ikkje dimensjonert for tungtrafikk -Farleg skuleveg for born og unge. -ber om å endre planlagt regulering frå fellesarealet gbnr 26/1,2,9,10 til å berre gjelde gbnr. 26/11.	-Grunneigar av det nemnte næringsarealet er ikkje interessert i å selje. -Vegen er dimensjonert som bk10 og er dermed dimensjonert for tungtrafikk. Farleg skuleveg for barn er utgreid i planen. Fellesarealet er avsett til næringsareal jf. Kommunedelsplan og vegadkomst til gnr/bnr 26/11 gjennom hevd. Adkomsten til gnr/bnr 26/11 er flytta nærare fv.5918.
7	Velledalen grendalag v/Kari Hjorthol (17.11.2020)	Uroa over den auka tungtrafikken dette vil medføre på vallavegen og korleis dette	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport.

		vil påverke trygg veg for barn og unge.	
8	Fet Grunneigarlag v/ Ole Jostein Fet (16.11.2020)	Stiller seg positiv til at det blir lagt til rette for næringsliv i Velledalen. Ser det som svært viktig at omsynet med trafiksikker skuleveg vert prioritert i reguleringsarbeidet. Eventuell tungtrafikk burde gå framover og opp til Fv.60 ved skulekrysset.	Utgreia i planen. Tungtrafikk vil i hovedsak gå framover og opp kv.5011. Sjå og TS-rapport.
9	FAU ved Velledalen Montessorriskule v/ Mari Leichty (15.11.2020)	Farleg skuleveg -Vegen er smal, uten gatelys eller gangveg. -Auka tungtrafikk vil gjere skulevegen meir utrygg for elevane. -Auka tungtrafikk rundt skulen sine områder	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport.
10	Øyvind Fet, Barne og ungdomsrepresentant i sykkylven kommune, (19.10.2020)	BU ber om ei nærare vurdering på kva konsekvensar etablering av Djupedalen industriområde tema barn og unge er vurdert i oppstartsmøtet med kommunen. Vi støttar at planforslaget bør vurdere korleis framtidig aktivitet vil påverke barn sin ferdsel og tryggleik langs vegen.	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport.
11	Bernt Are Lervåg (17.11.2020)	Vesentleg auka annleggstraftikk sjåast på som svært uheldig. Vegen er ikkje egna for belastninga av tungtrafikk og vegen vil bli enda meir uegna for skoleborn. Gardstun ligg tett på vegen og eit strøsandlager og oppstillingsplass vil auke støyen både dag og natt.	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport.
12	FAU Velledalen naturbarnehage V/ Søren D. Schjelderup (17.11.2020)	Barnehagen brukar området for å kome seg til turområdet på andre sida av elva, og auka tungtrafikk vil forverre trafikktryggleiken og turglede for borna. -Ein burde finne ein annan stad for slik virksomhet. Som eit minimum burde det etablerast gangveg frå dalemyra og ned til vallebrua.	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport. Hole maskin AS stiller seg positiv til å bidra med å etablere bru over Velleelva ved grendahus/barnehagen.

13	Velledalen naturbarnehage v/Torild Hole (05.11.2020)	Har 6 barn frå Fet, Drabløs og Velle. Industriarealet vil ikkje berøre drifta av barnehagen noko særleg, da barnehagen i liten grad nyttar området. Tidlegare vart området mot Bakka og Regndalen nytta og også eit skogsområde på andre sida av elva. Dei siste åra har barnehagen i større grad nytta eige område og området framover mot Hjorthol og Brunstad. Forslag om redusert fartsgrense forbi Dalemyra stadion, Velledalen montessoriskule og grendahus. Redusert fartsgrense til 30 km/t forbi området vil kunne bøte på ulempa med auka tungtrafikk.	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport.
14	Fredrik Sigurdh (12.11.2020)	Trafikken ble flyttet til rv.60 på grunn av trafiksikkerheten til barn unge og voksne og på grunn av at veien er smal og lite hensiktsmessig for tyngre transport. -Mange barnefamilier har bosatt seg langs Vallavegen og brukast som dagleg til barnehage, skule og fritidsaktiviteter til fots og på sykkel. -Det er satsning på gårdsturisme/opplevelsesturisme på Tore-gården og dette vil bli negativt påvirket om tungtrafikk og anleggsmaskiner skal bruke vallavegen som transportveg til og frå Djupedalen Industriområde.	Utgreia i planen. Sjå TS-rapport. Tas til orientering.
15	Bjarne Sigurd Drabløs (09.11.2020)	Vil ikkje ha auka tungtrafikk gjennom gardstuna på Velle.	Tas til orientering. Sjå TS-rapport.
16	Rune Welle (17.11.2020)	Vil ikkje ha meir tungtrafikk på Vallavegen som er 1-feltsveg utan gatelys og gangfelt. Hus ligg svært nær vegen og barn og andre vegfarande si sikkerheit er viktigare enn at Hole Maskiner skal få flytte si verksamhet til Djupedalen.	Tas til orientering. Sjå TS-rapport.

17	Bastian Weiberg-Aurdal, Karigarden Gnr/Bnr 26/13 (17.11.2020)	Vi er positive til at det vert etablert meir næringsverksemd i dalen, men meiner at kommunen i behandlinga må ta omsyn til at det blir sett i verk tiltak for trafikktrygging av skulevegen for borna frå Velle, Drabløs og Fet.	Tas til orientering, sjå TS-rapport.
18	Geir O. Drabløs (18.11.2020)	ønsker ikkje at det skal komme eit nytt industriområde i Djupedalen pga. den auka i tungtrafikk det vil medføre på Vallavegen. Då er det mykje bedre å utvide det område der Hole Maskiner AS har tomt no, attmed hovedvegen.	Tas til orientering, sjå TS-rapport.
19	Velledalen Montessoriskule AS v/Jon Hjortdal (18.11.2020)	Vallavegen har dårleg trafikktryggleik, spesielt for mjuke trafikantar og er bekymra for ei ytterleg svekking. Ein ser på det som svært viktig at det blir igangsett avbøtande tiltak som gatelys, gang- og sykkelveg og redusert fartsgrense.	Utgreia i planen. Sjø TS-rapport.
20	Nils Sigurd Drabløs (18.11.2020)	Er sterkt imot og meiner det er uforsvarleg at det etablerast næringsareal ved Djupedalen med tanke på trafiksikkerheit for mjuke trafikantar og ved gardsdrift.	Tas til orientering, Sjø TS-rapport.
21	Åshild Velle (20.11.2020)	Er imot etablering av næringsareal.	Tas til orientering.
22	Else Bjørdal Velle (16.11.2020)	Tryggingstiltak må igangsetjast for kommunevegen frå vegkrysset ved Fetbrua til krysset til Velledalen skule før oppstart av detaljregulering. Smal veg som allereie er utrygg for mjuke trafikantar er ikkje foreinleg med tungtrafikk frå eit utbyggings og industriområde.	Sjø TS-rapport.

VEDLEGG

- A. Plankart A3, målestokk 1:1000
- B. Føresegner for Djupedalen industriområde
- C. Illustrasjonsplan
- D. Fråsegner til oppstart
- E. Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)
- F. Rapport flomvurdering Multiconsult
- G. Rapport støyvurdering
- H. Trafikksikringsrapport
- I. Rammeplan VA
- J. VA-kart
- K. Midlertidig etablering avkjørsel